

Til
Ordførar Knut Erik Engh
Styreleiar Kari Mette Sundgot

tirsdag, 4. juni 2019

Utalelse frå tilsette i Ulshav AS ang. fusjonsprosess og avtale om overdraging av aksjar til Furene AS

Først vil vi påpeike at denne prosessen har starta uten at det har blitt vurdert andre alternativ til løysingar. Som tilsette vart vi orienterte om at det også skulle vurderast eit nærare samarbeid med Ulstein kommune for framtidig drift. Dette etterlyser vi.

Vi er godt kjent med NAV sin strategi og prioriteringar, men Ulstein Kommune må også sjå at desse prioriteringane vil på sikt medføre at det blir eit behov for kommunale tiltaksplassar for personer som har behov for arbeidsretta dagaktivitet.

Å innleie fusjonsforhandlingar med Furene AS i ein situasjon der begge selskapa har fått nedtrekk i tiltaksplassar vil sette våre arbeidsplassar i fare. I Ulshav har vi starta ein omstillingsprosess med stillingsreduksjon for å tilpasse oss den nye situasjonen. Dersom vi vert fusjonerte kan vi risikere at vi må gå til ytterligere stillingsreduksjonar.

Så vil vi vise til vedlegget til avtalen, der står det.

Mjøl og Meir skal vidareutviklast i sentrum av Ulsteinvik (leigeavtale til 01.01.2023)

Vi er usikre på kva som er meint med dette, men det kan bety at vi må flytte frå Sjøgata 19, og misser det gode samarbeidet vi har hatt med Ulstein Eigedomsselskap der vi også har hatt ansvar for tilsyn og vask av venteromet.

Drifta i saunesmarka skal evaluerast og vurderast i løpet av hausten 2019 der deltakarane sine behov og utfordringar skal telje med.

Vidare drift av lokala i Saunesmarka føreset tilgang på fleire deltakarar og nye oppdrag med større aktivitet.

Slik vi les dette er det ei klar avviklingserklæring for aktiviteten i Saunesmarka og ei utflytting av ein vesentleg del av tiltaksplassane i Ulstein Kommune.

Vi ber om at det vert brukt meir tid til å utrede andre alternativ for å kunne opprettholde både tiltaksplassane og arbeidsplassane i Ulstein Kommune. Det er også rom for vidareutvikling av Ulshav AS i eit nærare samarbeid med Ulstein Kommune.

Vi ber om at vår uttalelse vert tatt med i den politiske handsaminga av saka.

Med Helsing
Tilsette i Ulshav AS

Ronall Aarvik
Kjetil Vadegjorde
Julie Ann T. Ulstein

Chalokom Hægstaal
Linda Silover
Oddrun Matloy Fjortoft
Cathrine Marstein
Charlotte H. Wald

Kopi til MAGNAR HATLØY